

## Kompetansebehov i arbeidslivet – innspel frå Kompetanseforum Sogn

### Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2024/2025

#### 1. Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2024-2025:

Kompetanseforum Sogn er opptekne av å ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov. Vi ønskjer føreseieleg og breitt fagleg tilbod i regionen. Skulane ønskjer å styrke samarbeidet og ser moglegheiter for å utvikla utdanningstilbodet med utvida samarbeid.

Regionen har gode erfaringar med kombinasjonsklassar med vaksne og dei med ungdomsrett. Sogndal vidaregåande skule har svært høg oppfyltingsgrad av elevar som har ungdomsrett. Det er derfor ikkje plass til vaksne og hospitantar som ønskjer vidaregåande opplæring. Når fullføringsreforma trer i kraft er det viktig at det blir teke høgde for å ta inn andre elevar enn dei som kjem som avgangselevar frå grunnskulen.

Utdanningsprogram	Kort skildring av behovet	Grunnlag for vurdering
Helsearbeidarfaget med studiekompetanse, 3 årig	Regionen har stort behov for helsepersonell på kort og lang sikt grunna pensjonsavgang og auka tal eldre. Helsearbeidarfag med studiekompetanse er eit tilbod som er etterspurt i Sogn. Med generell studiekompetanse får elevane jamn fordeling av fellesfag og programfag over tre år. Etter endt utdanning kan dei velje å gå ut i arbeid eller ta til på høgskuleutdanning.	Kunnskapsgrunnlaget frå fylkeskommunen. Behovsinnmelding frå kommunane.

#### 2. Kompetansebehov fagskule:

Regionen har behov for desentralisert fagskuleutdanning slik at studentane kan delta på fysiske samlingar der dei bur og arbeider. Fagskulen Vestland bør tilby slik desentralisert utdanning.

Utdanning	Kort skildring av behovet	Grunnlag for vurdering
Elkraft	Elkraft er eit fagområde i rask utvikling, og omfattar heile energikjeden frå produksjon og fordeling til forbruk. Fleire bedrifter har stort behov for fagskuleingeniørar innan elkraft. Elkraft har også hatt størst vekst i tal studentar siste fem åra (jf kunnskapsgrunnlaget) og etterspørselen etter arbeidskraft vil auke dei næraste åra. Utvikling av nye grønne industriarbeidsplassar vil vere avhengige av denne kompetansen for å lukkast.	Kunnskapsgrunnlaget frå fylkeskommunen. Behovsinnmelding frå fleire bedrifter

### 3. Kompetansebehov høgskule/universitet:

Høgskulen på Vestlandet (HVL) bør tilby desentraliserte utdanningar i større grad enn til no. Nedgangen i søkjarar til fleire utdanningar gjer det enno viktigare å tilretteleggje for meir fleksibel og desentralisert utdanning. Slik kan vi mobilisera fleire av dei som er i jobb til å gjennomføre utdanning som arbeids- og næringsliv har behov for. Omstilling, meir desentrale tilbod og meir bruk av digital undervisning må til for å få fleire til å ta bachelor- og masterutdanning.

Utdanning	Kort skildring av behovet	Grunnlag for vurdering
Sjukepleiarutdanning, desentralisert	Regionen har stort behov for sjukepleiarkompetanse fordi kommunane får fleire oppgåver og mange sjukepleiarar nærmar seg pensjonsalder. Kommunane i Sogn har frå 2019 arbeidd systematisk for at kommunalt tilsette skal byrja på desentralisert sjukepleiarutdanning. Med reduserte søkjarar til bachelorutdanning på heiltid er det viktig å mobilisera fleire som allereie er i jobb og som er motiverte til å heva kompetansen sin gjennom 4-årig deltidsutdanning. Meir desentral utdanning med samlingar i Sogndal og nettundervisning vil bidra til fleire søkjarar til studiet. Å utdanna eigne tilsette er den mest treffsikre ordninga for kompetanseheving.	Kunnskapsgrunnlaget frå fylkeskommunen. Behovsinnmelding frå kommunane.
Barnevern master	For å møte lovkrava om barnevernsfagleg mastergrad frå 2030 må masterutdanning i barnevern bli eit tilbod på Campus Sogndal. Lovkravet vil gjelde for dei aller fleste som jobbar i barnevernstenesta. Master i barnevern er avgjerande for framleis å sikre god rekruttering til barnevernsutdanninga i Sogn.	Behovsinnmelding frå kommunane
Industriell økonomi master	Næringslivet i Sogn etterspør ein fleksibelt og desentralisert masterutdanning innan industriell økonomi, som er eit studium med basis i naturvitskaplege fag, teknologi og økonomi. Det er søkt HK-dir om midlar til utvikling av eit fleksibelt og meir tilgjengeleg studium for vår region. Utvikling av nye grønne industriarbeidsplassar vil vere avhengige av denne kompetansen for å lukkast.	Behovsinnmelding frå bedriftene
Informasjonsteknologi bachelor	I Sogn er det eit unikt nasjonalt miljø for digitalisering. Det offentlege Norge blir digitalisert frå Sogndal, og det er eit stort behov for arbeidskraft innan IKT. Informasjonsteknologi bachelor er ei utdanning som private og offentlege verksemder etterspør.	Behovsinnmelding frå private og offentlege verksemder
Elkraftingeniør	Sogn har stort behov for elkraftingeniørar med fagkompetanse innan produksjon, distribusjon, installasjon og bruk av elektrisk energi. Studietilbodet som i dag finst i Vestland forsyner ikkje Sogn med denne ingeniørkompetansen. Utvikling av nye grønne industriarbeidsplassar vil vere avhengige av denne kompetansen for å lukkast.	Kunnskapsgrunnlaget frå fylkeskommunen. Behovsinnmelding frå bransjen

Sogndal, 24. mai 2023

Med helsing

for Kompetanseforum Sogn  
Karina Nerland